



Tårnagenthelga er eit tilbod i trusopplæringa for 9 åringane.

Tårnagentane var med og la grunnlaget for innhaldet i gudstenesta i Uskedalen i går. Ei tårnagnethelg er eit tilbod for 9 åringane frå soknene Ænes, Kvinnherad og Uskedalen. Opplegget er ein del av trusopplæringsprogrammet. Einingsleiar i trusopplæring i Kvinnherad, Kristine Hestad, saman med Toril Langeland, sokneprest Reidar Ådnanes og kantor Eva Megyesi hadde sentrale roller i gjennomføringa. Sokneråda med sine frivillige var med heile helga.

Borna var mellom anna aktive i gjennomføringa av gudstenesta med samlingsbøn, tekstesing, song, dramatisering/ tablå og ved å fortelja om skattane i kyrkja. Kyrkjebøna handla om dyr, fuglar, naturen, krig og fred,- tema 9 åringane hadde skrive og teikna til.

Hendinga då Jesus vaska føtene til læresveinane fekk ein sental plass i gudstenesta. Fotvaskinga vart dramatisert på ein morosam måte og det er truelg fyrste gongen i Uskedal kyrkje si soge at at det vert bore inn ein stor balje der Toril Langeland sine føter vert vaska av Kristine Hestad. Ikkje noko med det. Til slutt ramplar Toril pladask oppe i baljen og vatnet skvett til alle kantar.



Tre medlemmer i Tårnagentkoret song med tonefylgje av Eva Megyesi.

Meininga med fotvasken er at læresveinane heretter skal vera tenealar for kvarandre, slik menneska i dag skal tena kvarande og på den måten ta del i Jesu liv. Fotvaskinga er ei langt meir brukt symbolk handling i andre kristne kyrkjesamfunn enn i vår kyrkja. Den katolske kyrkja brukar fotvasking, særleg som ein del av påskeritualet.

Tekt/foto/nett: Kristian Bringedal



Påskebodskapen med fotvaskinga vart dramtisert i kyrkja i går. F.v: Kristine Hestd, Toril Langeland og soknepresten Reidar Ådnanes.